

Protokoll frå møtet i interimsstyret i Språkrådet 13.6.06

Til stades: Fretland, Fuglevik, Haugen, Karlsen og Østerud
Forfall: Eikemo og Øvrebotten
Frå sekretariatet: direktør Lomheim og rådgjevar Runnestø
Møtestad: Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
Møteleiar: Karlsen
Referent: Runnestø
Møtetid: Kl. 17.00–19.15

Sakliste:

Vedtakssaker

- Sak 11.1/06 Protokoll frå styremøtet 23. mars 2006
- Sak 11.2/06 Rekneskap per 31. mai 2006
- Sak 11.3/06 Revidert budsjett for 2006
- Sak 11.4/06 Verksemdsplan for 2006, justering
- Sak 11.5/06 Årsmelding for 2005, utkast
- Sak 11.6/06 Ekstern organisering av Språkrådet
- Sak 11.7/06 Nordisk arbeidsgruppe for språkteknologi – mandat
- Sak 11.8/06 Rosings språkpris – oppnemning av jurymedlemmer 2006–2007

Orienteringssaker

- Sak 12.1/06 Intern organisering og omstilling
- Sak 12.2/06 Vedtektene for Språkrådet
- Sak 12.3/06 Ordbokbase for bokmål
- Sak 12.4/06 Orientering ved direktøren

Drøftingssak

- Sak 13.1/06 Ordbokbase for bokmål (overført frå orienteringssak 12.3/06)

Eventuelt

Det var ingen innvendingar til saklista. Haugen bad om at orienteringssak 12.3 vart gjord til vedtaks- eller drøftingssak.

Vedtakssaker

Sak 11.1/06 Protokoll frå styremøtet 23. mars 2006

Protokollen var send ut før møtet. Ingen av dei frammøtte hadde merknader til han.

Fuglevik spurde om det ville prega framstillingsmåten at protokollane heretter skal offentleggjerast på nettsidene til Språkrådet, jf. sak 7.1/06. Direktøren svara at det ikkje får noko å seia. Personalsakene skal i alle høve vera tekne ut.

Vedtak: *Protokollen vart godkjend.*

Sak 11.2/06 Rekneskap per 31. mai 2006

Merknader til saka var sende ut.

Då budsjettet vart fordelt, rekna ein med at aktiviteten i fagråda ville koma i gang for alvor i andre halvår 2006. Men fagråda kan først nemnast opp av det nye styret når det blir operativt, og dette er hovudforklaringa på at utgiftene er mindre enn budsjettert.

Vedtak: Styret tek rekneskapen til etterretning.

Sak 11.3/06 Revidert budsjett for 2006

Denne saka vart utsett til det nye styret er på plass.

Sak 11.4/06 Verksemdsplan for 2006, justering

Eit revidert forslag til verksemdsplan var sendt ut (jf. S 1.4/06).

Direktøren gjekk gjennom endringane i planen. Styret kommenterte ein del av tiltaka, men sa seg stort sett nøgd med det justerte planframlegget.

Vedtak: Styret godkjende den justerte verksemdsplanen.

Sak 11.5/06 Årsmelding for 2005, utkast

Eit utkast til årsmelding var sendt ut.

Styret hadde bede (jf. S 28.2/06) om ei omlegging av framstillingsforma i årsmeldinga; ei eksternt retta årsmelding, som skulle vera ein del av den nye profilen for Språkrådet. Det utkastet til årsmelding som vart lagt fram, ber framleis mykje preg av den gamle malen. Det er dessutan for lite kongruent og gjennomarbeidd. Direktøren vil syta for å få eksternt hjelp til å utarbeida meldinga for neste år, slik at ho for 2006 kan lagast etter ein ny mal.

Styret meinte at ei lengd på 20 sider var passe viss innhaldet er poengtert og lett skrive. Dei tykte elles at styret burde få årsmeldinga til behandling mykje tidlegare.

Vedtak: Styret godkjende årsmeldinga med dei endringane det vart gjort framlegg om på møtet.

Sak 11.6/06 Ekstern organisering av Språkrådet

Eit notat frå 1. juni var sendt ut.

Den første delen av notatet gjeld mandata for dei fire fagråda. Styret sa seg vel nøgd med framlegget og hadde berre eit par mindre redaksjonelle endringar. Den andre delen av notatet, som handlar om det organisatoriske tilhøvet mellom fagråda og styret og direktøren, kan ein først gjera ferdig når gruppa for intern arbeidsorganisering har kome med forslaget til omstilling og organisering av sekretariatet. Der vil koplinga mellom fagråda og sekretariatet få ein sentral plass.

Dei førebelse merknadene frå interimsstyret blir likevel arbeidde inn i det notatet som skal setja i verk vedtaket frå styret i denne saka. Det må gå fram av notatet kva for status desse merknadene har.

Vedtak: Styret vedtek teksten til dei fire fagrådsmandata med dei endringsforslaga som kom fram på møtet.

Sak 11.7/06 Mandat for ei nordisk arbeidsgruppe for språkteknologi

Eit brev frå 8. mars frå arbeidsgruppa for språkteknologi var sendt ut.

Det nordiske språkmøtet sette i september i 2005 ned ei arbeidsgruppe som skulle utforma mandat for eit nordisk samarbeid om språkvern og språkteknologi. Nordens språkråd skal finansiera dette arbeidet. Gruppa la no fram eit utkast til mandat.

Vedtak: Styret i Språkrådet, Noreg, sluttar seg til mandatet for arbeidsgruppa.

Sak 11.8/06 Rosings språkpris – jurymedlemmer for 2006–2007, oppnemning

Desse sakspapira var sende ut: Eit notat frå 15. mai med framlegg til jury, statuttar for Rosings språkpris, ei oversikt over tidlegare vinnarar av prisen og ei e-postveksling 2. og 6. juni 2006 mellom Dataforening og Språkrådet.

Rosings språkpris er eit samarbeidstiltak mellom Den Norske Dataforening og Språkrådet og er ein pris for bruk av godt norsk språk på IKT-området. Prisen har vore delt ut tre gonger, og skal delast ut neste gong 20. november. Torbjørg Breivik, som har representert Språkrådet og vore juryleiar, skal ha permisjon, og det må nemnast opp ein ny språkrådsmedlem.

Vedtak: Interimsstyret nemner opp denne juryen til Rosings språkpris for 2006–2007:

Jan Olav Fretland, styremedlem i Språkrådet og førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (for hausten 2006)
Heidi Arnesen Austlid, prosjektleiar, IKT-Norge
Annike H. Asserson, direktør, Creuna AS
Morten Solli, journalist, Computerworld Norge
Henrik Wigestrands, redaktør, Den Norske Dataforening

Språkrådet har framleis leiarskapen for Rosings språkpris.

Orienteringssaker

Sak 12.1/06 Intern organisering og omstilling

To notat frå 19. mai 2006 var sende ut.

Direktøren orienterte om arbeidet i gruppa for intern arbeidsorganisering. Eit endeleg dokument i denne saka vil først liggja føre til hausten.

Styret tok notata til etterretning. Det var ynske om at organisasjonskonsulenten orienterer om arbeidet på neste møte.

Sak 12.2/06 Vedtektene for Språkrådet

Brev frå 25. april 2006 frå Kultur- og kyrkjedepartementet med vedtekter for Språkrådet og brev frå 8. mai frå departementet med merknader til vedtektene var sende ut.

Styret tok vedtektene med merknader til etterretning.

Sak 12.4/06 Orientering ved direktøren

- status for nyordsboka *Nyord i norsk 1976–1999*
- eit års permisjon for ein medarbeidar
- tilsetjing av to nye medarbeidarar som skal arbeida med språk i staten
- arbeidet i Nordens språkråd og det nordiske språkmøtet på Island i september
- to større språkdebattar i Stortinget i vår, 16. mars og 15. mai

- Dette var det siste møtet for interimstyret. På neste møte, som er sett til 14. september, må ein rekna med at det første ordinære styret i Språkrådet er oppnemnt og har kome i gang med verksemda si.

To av styremedlemmene forlet med dette møtet verva sine i Språkrådet: Tove Kristin Karlsen, som har vore styreleiar i Språkrådet sidan interimstyret vart oppnemnt i juni 2004, og Ola Haugen, som kom inn i Norsk språkråd i 1992 for Den norske Forleggerforening, og som frå 1996 til juni 2004 var leiar og nestleiar i styret. Direktøren gav gåver til Haugen og Karlsen og takka for innsatsen for Norsk språkråd og Språkrådet. Dei på si side takka for eit interessant og gjevande arbeid og samarbeid med dei andre styremedlemmene, med direktøren og med sekretariatet.

Drøftingssak

Sak 13.1/06 Ein ordbokbase for bokmål (overført frå orienteringssak 12.3/06)

Desse sakspapira var sende ut:

E-post frå Ola Haugen 26. mai 2006, innlegg av Tor Guttu i Aftenposten 20.mai 2006, innlegg av Ruth Vatvedt Fjeld og Hanne Gram Simonsen i Aftenposten 14. mai 2006, innlegg av Sylfest Lomheim i Dagbladet 3. mai 2006,

e-post frå Ola Haugen 12. juni 2006, vedlagd eit notat frå han 11. juni 2006 og ein førforprosjektrapport om Norsk bokmålsordbok frå 21. desember 2005 frå Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangenstein

Haugen viste til sakspapira og sa at arbeidet med eit ordbokverk for bokmål enno er på forprosjektstadiet. Han bad om at Språkrådet må engasjera seg i arbeidet med å få utvikla ein slik ordbokbase. I så fall må styret få på bordet ei vurdering av korleis det kan realiserast.

Styret meinte dette kunne vera tema på eit seinare møte, og at det var viktig å trekkja inn både intern og ekstern kompetanse i denne saka.

Oslo, 18. juni 2006

Tove Kristin Karlsen
leiar

Sylfest Lomheim
direktør